

Vedtekter Osterøy ungdomsråd - OUR

§ 1 Føremål/oppgåver:

Ungdomsrådet i Osterøy kommune skal representere interessene til ungdommen i kommunen, og er eit rådgjevande medverknadsorgan. Medlemmane er folkevalde, representerer og uttaler seg på vegne av alle ungdomar på Osterøy. Alle kommunar skal ha eit ungdomsråd, eller eit anna medverknadsorgan for ungdom, dette står det om i kommunelova § 5-12. Ungdomsrådet har rett til å uttale seg i saker som gjeldt ungdom.

Formålet med ungdomsrådet er å sikre ungdommen brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeldt dei sjølv.

Ungdomsrådet skal:

I arbeid med relevante saker for ungdom, og i ungdomsrådsmøte:

- Få informasjon om og moglegheita til å ta uttale seg i alle saker som er relevant for ungdom på Osterøy. Kommunen må sikre at ungdomsrådet blir tatt med tidleg i prosessen, for å legge til rette for reell medverknad frå ungdomsrådet.
 - Innspela frå rådet skal følge saksdokumenta.
 - Dersom kommunen er i tvil om ei sak bør takast opp i ungdomsrådet, bør dei spørje ungdomsråd om dei ønsker å uttale seg i saka.
 - Rådet har rett til å komme med synet sitt på ei sak, men det er ikkje ei plikt.
- Ungdomsrådet skal ha særleg fokus på saker på eit overordna nivå, som blant anna saker om budsjett og kommuneplanar.
- Ungdomsrådet har også moglegheit til å ta opp saker på eige initiativ.
- Ungdomsrådet skal ikkje behandle saker som gjeldt avgjersler overfor enkeltpersonar.
- Vedtak i ungdomsrådet vert gjort ved vanleg fleirtal, så lenge det er fire eller fleire medlem (halvparten) til stade på møtet. Ved eventuell stemmelikskap har leiar dobbelstemme.
- Få tilstrekkeleg sekretariathjelp av koordinator for ungdomsrådet. Koordinator har ansvar for å planlegge og kalle inn til møter. Koordinator skriv møteprotokoll(referat) og fungerer som ein kontaktperson for ungdomsrådet.

For å representere alle ungdommar i kommunen, og arbeide for eit godt oppvekstmiljø for ungdom:

- Ha kontakt med elevråda på skulen dei representerer. Ungdomsrådet har møterett i elevråda. Møteretten gjeldt ein elev som er med i ungdomsrådet per skule. Dette er for å sikre at ungdom får fremja saker som er viktig for dei.
- Vere pådrivar for det frivillige og offentlege barne- og ungdomsarbeidet i kommunen.

- Kvart år få midlar gjennom kommunebudsjettet, som skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø i kommunen.

§ 2 Økonomi/organisering

a) Økonomi:

- Ungdomsrådet skal få eigen konto i kommunerekneskapen. Midlar til ungdomsrådet blir fastsett i kommunebudsjettet kvart år. Ungdomsrådet viser korleis midlane er brukt i årsmelding si.
- Koordinator for ungdomsrådet disponerer midlane til ungdomsrådet, og kan vere med på drøfte korleis midlane skal brukast. Det må vere ei felles einigheit mellom koordinator for ungdomsrådet og ungdomsrådet for bruk av midlar. Dette betyr at koordinator ikkje kan disponere midlane utan at det er i samråd med ungdomsrådet si vurdering, og at ungdomsrådet ikkje kan bruke midlar utan godkjenning frå koordinator.
- For å dele ut midlar kan ungdomsrådet opprette eit søknadsordning der grupper og organisasjonar søke ungdomsrådet om midlar, til tiltak og aktivitet som kan betre ungdom sitt oppvekstmiljø i kommunen. Rammene rundt dette blir fastsett i egne retningslinjer.

b) Organisering:

- Ungdomsrådet har rett til å ha møte i skuletida.
- Ungdomsrådet kan bruka kommunalt utstyr til kopiering og utsending av dokument. Dette skal koordinator for ungdomsrådet vere behjelpelig med.
- Ungdomsrådet skal ha minimum 6 møter i året og kan ha fleire ved behov.
- Koordinator for ungdomsrådet har ansvar for å lage møteplan, i samanheng med møteplanen til heradsstyret.
- Rådsmedlemmer har krav på betaling (godtgjering) for arbeidet sitt, bestemmer kommunelova § 8-4. Medlem og innkalla varamedlem møtegodtgjersle tilsvarande 0,05% av ordførargodtgjersla pr. frammøte. Leiar får møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførargodtgjersla.
- Heradsstyret vel ein politikar som har møte- og talerett i ungdomsrådet.
- Ein representant frå Osterøy Ungdomsråd har møte- og talerett i Osterøy heradsstyre.
- Det skal førast referat/protokoll frå møta som inneheldt: deltakarar, saker og vedtak. Sakliste og referat/møteprotokoll er offentlege dokument, og blir lagt ut på kommunen sine heimesider.

- Legge fram årsmelding til kommunestyret kvart år. Denne skriv koordinator for ungdomsrådet, i samarbeid med ungdomsrådet. Den skal leggest fram seinast 30.11.

§ 3 Funksjonstid og samansetjing

a) Medlemstal

Ungdomsrådet skal ha 8 medlemmer med 8 personlege vara:

- 1 frå Danielsen ungdomsskule
- 3 frå Osterøy ungdomsskule
- 2 frå Osterøy vidaregåande skule.

- Ungdomsrådet kan også ha to representantar frå frivillige lag og -organisasjonar. Dei to representantane frå frivillig lag/organisasjonar blir valde av idrettsrådet og kulturrådet. Rådmannen legg fram forslag for Heradsstyret på vegne av Idrettsrådet og Kulturrådet. Medlemmane skal vere busett på Osterøy, men kan gå på skule utanfor kommunen.

- Rådet skal ha 40% kjønnsbalanse. Det betyr at det kan ikkje vere færre enn 3 av det kjønnet som er i mindretal. Det skal arbeidast for å sikre mangfald i rådet.

- Medlemmer kan søke om fritak eller permisjon av velferdsgrunnar eller flytting frå kommunen. Koordinator behandlar søknader om permisjon. Når fast medlem får innvilga permisjon, trer varamedlem inn som fast medlem i resten av valperioden. Ved fritak gjennomførast det suppleringsval i tråd med kommunen si rutine.

b) Valperiode

- Representantane vert vald for inntil 2 år om gongen. Dette er for å sikre god flyt og opplæring mellom rådsmedlemmane. Avgangselevar kan berre sitte 1 år, då rådet skal representere dei ulike skulane ved Osterøy. For dei andre medlemmane er det valfritt å sitte 1 eller 2 år.

- Det er val september kvart år, her blir rådsmedlemmane som har sete i 2 år eller ønsker å slutte etter 1 år skifta ut. Første året med denne ordninga kan det nyttast loddtrekning, dersom det er fleire enn 4stk som vil sitte i 2år. Leiar og nestleiar sitt heile perioden, gitt at dei ikkje er avgangselevar eller ønsker å slutte etter 1 år.

c) Val

- Før 15.09 kvar haust sender elevråda liste over nye representantar til ungdomsrådet. Representantar i ungdomsrådet kan på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år (ref. kommunelova av 2019)
- Representantane til ungdomsrådet blir valde ved skuleval. Det er koordinator for ungdomsrådet og ungdomsrådet som er ansvarleg for å gjennomføra vala.
- Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar.
- Koordinator for ungdomsrådet har sekretærfunksjon, elles skal medlemmane sjølv utføra arbeider som følgjer ved verva.

§4 Vedtektsendringar

- Vedtektsendringar må godkjennast av heradsstyret etter innstilling frå ungdomsrådet